



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Norges vassdrags- og energidirektorat

Innsending av høringsuttalelse

Dato sendt: 01.12.2025 / 22:17
Avsender: 969411407-KÅRSTAD HELGE
Mottaker: Norges vassdrags- og energidirektorat
Referansenummer: de2ecbbca35e

Kontaktinformasjon

Informasjon om virksomheten

Organisasjonsnummer
969411407

Navn
KÅRSTAD HELGE

E-postadresse
post@kaarstadbruk.no

Telefonnummer
Du har ikke lagt inn informasjon her

Informasjon om kontaktperson

Fornavn

HELGE

Etternavn

KÅRSTAD

Telefonnummer

+4748020261

E-postadresse

helge.kaarstad@gmail.com

Er kontaktperson tilknyttet et annet foretak?

Nei

Saksopplysninger

Sakstittel

Selselva kraftverk - økt slukeevne og regulering av Selsvatnet

Skriv inn høringsuttalelse

Eg er eigar av gnr. 224, bnr. 3, Bygstad i Sunnfjord og blitt ufrivillig eigar i Selsvatnet ved denne prosessen. Eg er sterkt mot ei regulering av Selsvatnet, både når det gjeld den første søknaden og ikkje minst denne siste søknaden.

Eit nytt landskapsrom og ein presedens.

Denne siste søknaden som vi no skal kommentere, er redusert når det gjeld storleik på demningen. Det er likevel ikkje det sentrale. Selsvatnet ligg like ved Storehesten, eit landskapsrom over ca. 800 m.o.h., utan inngrep og ca. 600 meter oppstrøms kraftverksinntaket. Det er difor eit svært stort sprang å gå inn i dette landskapsrommet i høgjellet med inngrep, uavhengig storleiken på inngrepet i første omgang. Ei godkjenning frå NVE vil legge eit godt grunnlag for å utvide inngrepet i neste omgang, på linje med den første søknaden. Det vil også skape presedens for andre småkraftverk i området, og ikkje minst kraftverket i Bergselva som ligg like ved og som nyleg er godkjent. Eit løyve til å gjere inngrep i Selsvatnet vil sjølvstendig gjere det lettare å godta ein eventuell søknad om å regulere Bergsvatnet som Bergselva renn ut ifrå, dersom framtidige eigarar ynskjer det. Her er det snakk om ei potensiell totalbelastning på naturen i omlag det same området. Eg vil be NVE merke seg dette.

Den nye statusen i området.

Høyringa ved den første søknaden har på linje med den siste søknaden resultert i svært mange fråsegner MOT regulering og oppdemming av Selsvatnet. Også Sunnfjord kommune gjekk mot tiltaket i den første søknaden.

Det nye som er kome inn etter den første høyringa, er ein UNESCO status som stadfestar eit unikt område, både regionalt, nasjonal og internasjonalt. Med omlag same energiutbyte i begge søknadane, lyt ei avveging då klart tale sterkare MOT ei regulering som omsøkt denne siste gongen.

Ein særdeles dårleg og trist prosess.

Som grunneigar har denne prosessen frå den første hjelpelause innkallinga frå Cloudberry i 2021 til i dag vore svært dårleg. Eg har skrive fleire meldingar til NVE om dette, og skal ikkje gjenta det her. Eg vil derimot skryte av sakshandsamar i NVE som har gjeve raske og greie tilbakemeldingar. Sakshandsamar har fleire gonger skrive at det er søkjar sitt ansvar å informere grunneigarar, og at NVE ikkje kan handsame saka før det privatrettslege er avklara. Dette er på ingen måte avklara, sjølv om det fins ein rettskraftig dom når det gjeld grenser ved Selsvatnet.

At søkjar no skriv at det ikkje trengs grunneigaravtalar (side 17 i søknaden) talar for seg sjølv.

Eg skal ikkje dra dette vidare. NVE kjenner til mine tidlegare kommentarar. NVE kjenner også til møtet som søkjar nyleg kalla inn til denne haustferien med få dagars varsel. Mi tilbakemelding til søkjar om at det var vanskeleg å stille i haustferien med så få dagars varsel, vart ikkje teke omsyn til. Det føreligg ikkje noko referat frå møtet, og eg har heller ikkje høyrte noko meir frå søkjar, verken før eller etter. Dette er berre eit eksempel på mange, der søkjar opptre usynleg for meg som grunneigar, men brukar i staden rettsapparatet, finansiert av sine eigarar. Eg har aldri bede om dette, heller ikkje all tid dette har teke, ikkje minst for å opplyse om bruksrettar m.m. i retten.

Det har vore ein grueleg dårleg og trist prosess frå a til å.

NVE må ikkje godkjenne denne siste søknaden. NVE må seie eit klart nei til å regulere Selsvatnet som omsøkt. NVE må seie eit klart nei til å gjere inngrep i dette unike landskapsrommet i høgjellet ved Storehesten.

Last opp vedlegg

Du har ikke lagt inn informasjon her

Kontaktinformasjon

Informasjon om virksomheten

Organisasjonsnummer

969411407

Navn

KÅRSTAD HELGE

E-postadresse

post@kaarstadbruk.no

Telefonnummer

Du har ikke lagt inn informasjon her

Informasjon om kontaktperson

Fornavn

HELGE

Etternavn

KÅRSTAD

Telefonnummer

+4748020261

E-postadresse

helge.kaarstad@gmail.com

Er kontaktperson tilknyttet et annet foretak?

Nei

Saksopplysninger

Sakstittel

Selselva kraftverk - økt slukeevne og regulering av Selsvatnet

Skriv inn høringsuttalelse

Eg er eigar av gnr. 224, bnr. 3, Bygstad i Sunnfjord og blitt ufrivillig eigar i Selsvatnet ved denne prosessen. Eg er sterkt mot ei regulering av Selsvatnet, både når det gjeld den første søknaden og ikkje minst denne siste søknaden.

Eit nytt landskapsrom og ein presedens.

Denne siste søknaden som vi no skal kommentere, er redusert når det gjeld storleik på demningen. Det er likevel ikkje det sentrale. Selsvatnet ligg like ved Storehesten, eit landskapsrom over ca. 800 m.o.h., utan inngrep og ca. 600 meter oppstrøms kraftverksinntaket. Det er difor eit svært stort sprang å gå inn i dette landskapsrommet i høgfjellet med inngrep, uavhengig storleiken på inngrepet i første omgang. Ei godkjenning frå NVE vil legge eit godt grunnlag for å utvide inngrepet i neste omgang, på linje med den første søknaden. Det vil også skape presedens for andre småkraftverk i området, og ikkje minst kraftverket i Bergselva som ligg like ved og som nyleg er godkjent. Eit løyve til å gjere inngrep i Selsvatnet vil sjølvstendig gjere det lettare å godta ein eventuell søknad om å regulere Bergsvatnet som Bergselva renn ut ifrå, dersom framtidige eigarar ynskjer det. Her er det snakk om ei potensiell totalbelastning på naturen i omlag det same området. Eg vil be NVE merke seg dette.

Den nye statusen i området.

Høyringa ved den første søknaden har på linje med den siste søknaden resultert i svært mange fråsegner MOT regulering og oppdemming av Selsvatnet. Også Sunnfjord kommune gjekk mot tiltaket i den første søknaden.

Det nye som er kome inn etter den første høyringa, er ein UNESCO status som stadfestar eit unikt område, både regionalt, nasjonal og internasjonalt. Med omlag same energiutbyte i begge søknadane, lyt ei avveging då klart tale sterkare MOT ei regulering som omsøkt denne siste gongen.

Ein særdeles dårleg og trist prosess.

Som grunneigar har denne prosessen frå den første hjelpelause innkallinga frå Cloudberry i 2021 til i dag vore svært dårleg. Eg har skrive fleire meldingar til NVE om dette, og skal ikkje gjenta det her. Eg vil derimot skryte av sakshandsamar i NVE som har gjeve raske og greie tilbakemeldingar. Sakshandsamar har fleire gonger skrive at det er søkjar sitt ansvar å informere grunneigarar, og at NVE ikkje kan handsame saka før det privatrettslege er avklara. Dette er på ingen måte avklara, sjølv om det fins ein rettskraftig dom når det gjeld grenser ved Selsvatnet.

At søkjar no skriv at det ikkje trengs grunneigaravtalar (side 17 i søknaden) talar for seg sjølv.

Eg skal ikkje dra dette vidare. NVE kjenner til mine tidlegare kommentarar. NVE kjenner også til møtet som søkjar nyleg kalla inn til denne haustferien med få dagars varsel. Mi tilbakemelding til søkjar om at det var vanskeleg å stille i haustferien med så få dagars varsel, vart ikkje teke omsyn til. Det føreligg ikkje noko referat frå møtet, og eg har heller ikkje høyrte noko meir frå søkjar, verken før eller etter. Dette er berre eit eksempel på mange, der søkjar opptre usynleg for meg som grunneigar, men brukar i staden rettsapparatet, finansiert av sine eigarar. Eg har aldri bede om dette, heller ikkje all tid dette har teke, ikkje minst for å opplyse om bruksrettar m.m. i retten. Det har vore ein grueleg dårleg og trist prosess frå a til å.

NVE må ikkje godkjenne denne siste søknaden. NVE må seie eit klart nei til å regulere Selsvatnet som omsøkt. NVE må seie eit klart nei til å gjere inngrep i dette unike landskapsrommet i høgfjellet ved Storehesten.

Last opp vedlegg

- Ferdig høringsuttalelse (.pdf)
- Bilder og kart
- Annen relevant informasjon

Du har ikke lagt inn informasjon her